

indremisjons VENNER

ORGAN FOR INDREMISJONSSAMSKIPNADEN
03 - 2022



Vi vil bygga varme inkluderande fellesskap,
vinna nye for Jesus, og gjera dei til hans disiplar.

ims

Indremisjonssamskipnaden

Med Guds ord til folket

Layout: Jan-Ove Fagerheim
Trykk: Hagesund Bok og Offset A/S
Red.: Marit H. Ådnanes
Indremisjonssamskipnaden
Postboks 150, 5401 STORD
Tlf.: 53 41 07 04
Bankgiro: 8220.02.80454
Opningstider Indremisjonskontoret:
Måndag – torsdag: 09.00 – 15.00
Fredag: Stengt
Heimeside: www.indremisjonen.no
E-post: post@indremisjonen.no
www.facebook.com/Indremisjons-samskipnaden

IMS-styret

Ole Bernar Innvær, leiar
Ragnhild Nesse, nestleiar
Oddvar M. Torget
Kjetil Harestad
Tordis Thuestad
Vidar Stensletten Eik
Henriette Bjørnevik

Eldrid Hjelmeland Molland, 1 vara
Marianne Heggholmen Aarbø, 2. vara
Edmund Thormodsæter, 3. vara

Helgatun Fjellpensjonat A/S

5713 VOSSESTRAND
Telefon: 56 51 98 98
Bankgiro: 8220.02.80497
Dagleg leiar: Jorunn F. Johannessen
Heimeside: www.helgatun.no

Brandøy Misjons- og konferansesenter A/S

5584 BJOA
Telefon: 53 76 98 81
Bankgiro: 8220.02.80470
Dagleg leiar: Andreas C. Våge
Heimeside: www.brandoy.no

Framnes KVGs

5600 NORHEIMSUND
Telefon: 56 55 05 00
Bankgiro: 8220.02.80292
Rektor: Harald Voster
Heimeside: www.framnes.vgs.no

SunnBok

Postboks 23, 5401 Stord
Telefon: 53 41 20 01
Dagleg leiar: Silje Fyllingen
www.sunnbok.no

Framsida-foto:

Familieleir på Brandøy.
Foto: Helge Johan Stautland

Kom, vil du bli med?

Leiar av
Marit H. Ådnanes
Dagleg leiar



Eg kom over dette diktet ein dag, og det satte mange tankar i gong. Det er så lite som skal til for at ting går gale, fellesskap og relasjonar skjer seg. Det er så mange ting som kan koma i vegen for forsamlingslivet og det å møtast. Samtidig er det så lite som skal til for at trua kan spira, og fellesskapet kan veksa.

Me treng kvarandre. Me treng det kristne fellesskapet. Gud er far til alle, og han ynskjer kontakt med alle sine barn, enten du går i kristen samanheng eller ei. No er det oppstartstid i by og grend. Det er stor stas å få koma rundt og helsa på; vera ein del av fellesskapet. Eg opplever mange varme hjarte og folk som står med opne armar til å ta imot nettopp deg.

«Kvarandre» er eit nydeleg ord. Det minnar oss på at me ikkje er kalla til solospel, men til lagspel. Bibelen seier mykje om korleis me skal vera når me er saman. Me skal elska kvarandre, tilgi kvarandre, bera over med kvarandre, gi akt på kvarandre, oppmuntra kvarandre, tena kvarandre...

Det kristne fellesskapet kan av og til vera sårt og vanskeleg, men jammen kan det også vera fantastisk når me berre vågar å vera tilstades, og vågar sleppa folk litt innpå oss. Livet blir rikare, og trua vil spira. Kom, bli med!

*Ti små kirkefolk gikk på kirkesti.
Regnet skremte en av dem,
og dermed var de ni.
Ni små kirkefolk ut av sengen trådte.
En sov for lenge, og dermed var de åtte.
Åtte små kirkefolk, solen skinner nu.
En dro på hytta, og dermed var de sju.
Sju små kirkefolk kom fra et kompleks.
En gikk på trening, og dermed var de seks.
Seks små kirkefolk holdt av sine hjem,
En satt foran TV'n, og dermed var de fem.
Fem små kirkefolk så sin hage spire.
En rakte løv, og dermed var de fire.
Fire små kirkefolk av og til å se.
En ble støtt av presten, og dermed var de tre.
Tre små kirkefolk sang om håp og tro.
For en var sangen ukjent og dermed var de to.
To små kirkefolk satt i komite`n.
Der ble de uenige, og dermed var de en.
En liten kirkemann slet ut sine sko,
hilste på en ensom, og dermed var de to.
To små kirkefolk fikk troen til å spire,
Først hos sine venner, og dermed var de fire.
Fire små kirkefolk lærte at de måtte
spre litt tro og glede, og dermed var de åtte.
Åtte små kirkefolk, har en grei beskjed:
kirken er for alle, kom, vil du bli med!*

Korleis vert resultatet i år?


Sommaren er over, og hausten er her med strålende fine dagar. Det gjer godt å kjenna på varmen sola fortsatt gjev. No er vi på rask veg inn i den mest spennande perioden når det gjeld IMS sin økonomi. Korleis vert resultatet til slutt i år? Kjem det gode gaver inn på haustgåva og julegåva? Kjem det gode foreiningsgaver inn no på slutten av året? Er det fleire som melder seg som faste gjevarar til IMS dette året? Mange spørsmål, og vi er spente på svara!

Pr. august har vi eit underskot på drifta på kr 915.000,-. Dette er ikkje unormalt stort på denne tida av året, men for at vi skal unngå eit stort underskot til slutt er vi avhengig av gode gaver fram mot årsskiftet.

Takk til deg som står med i arbeidet både gjennom økonomisk støtte, bøn og oppmuntrande ord.



Pr. 31.08.2022 viser rekneskapet
eit driftsunderskot på kr 915 280,-.
Året for var det eit driftsunderskot
på kr 385 859,-.



Ynskjer du å bli fast gjevar?

Kontakt kontoret, tlf 53 41 07 04, eller finn skjema på www.indremisjonen.no

Guds løfter og vår overgiving

Andakt av
Ragnhild K. Steinsland
Stord/Bergen



Det nye testamentet er oppfylld av dei mange profetiar frå det gamle testamentet. Eit godt eksempel på dette er då Jesus opna ein direkte bønneveg for oss inn til Guds hjarte. Me kan snakka med Gud og ha relasjon med Han.

I den femte bønna i Fader Vår ber vi om at Gud skal tilgje oss vår skyld, som vi tilgjev våre skyldnarar. Ved å be denne bønna av eit oppriktig hjarte, blir me vaska reine. I andre Korinterbrev kapittel 5, vers 21 står det: «Han som ikkje visste av synd, har Gud gjort til synd for oss, så vi skal bli rettfærdige for Gud i han».

Når Gud tilgir synd er det ingen vrede eller anklage igjen i Gud sitt hjarta. Gud tilgir oss all vår synd med stor glede.

Hos profeten Jesaja, kapittel 44, vers 22 finn me ein parallell til verset i Korinterbrevet. Hos Jesaja står det «Eg stryker bort dine lovbrudd som ei tåke og dine synder som ei sky. Vend om til meg, for eg løyser deg ut!». Synda blir samanlikna med ei sky eller som tåke. Felles for både skyer og tåke er at dei dekker for sola. Når synda er som tåke, er det vanskeleg å finna vegen framover. Det er lett å gå i ring og me kjem oss ikkje vidare. Tåka skjuler også for dei farane som ligg på vegen framfor oss.

Det er både eit vilkår og eit løfte i verset frå Jesaja. Vilkår: vend om til meg, me er kalla til å venda om med heilt hjarte. Løftet er at Gud løyser meg. Me har vel alle gjort erfaringa at både skyer og tåke må vika for sola. Sånn er det også desse to versa framstiller Guds gjerning. Gud er som sola. Gud bryter inn i tåka. Tilbake står me bada i sola.

Det Gud ventar på er at me tar imot invitasjonen om at han skal komma inn i våre liv. At me skal seia JA til Han!

NORDISK KVINNEKONFERANSE
OSLOFJORD CONVENTION CENTER

OPPREIST

20. - 23. OKTOBER 2022

PÅMELDING VIA
CHECKIN.NO

I SAMARBEID MED:

Misjonskirken Norge | Normisjon | Troens Bevis | UIO Ungdom i Oppdrag
IMF Indremisjonsforbundet | IMI-Kirken | Evangeliesenteret | JesusKvinner
Israelsmisjonen | Blå Kors | Aglow | IKAJ | Oase | Efa-Senteret | Stiftelsen Mor Far Barn
Tønsberg Frikirke | NOREA Mediemisjon/Håpets kvinner | Laget | Damer i Byen
Åpne Dører | Filadelfia Vennesla | De Evangeliske Mariasøstre | Nordic Harvest Mission

DISSE, OG FLERE, INSPIRERER OSS:

 Elin Linde Fagerbakke	 Marianne Braseth	 Siri Iversen	 Anette Stokke
 Berit Iversen Drivdal	 Annie Schaug	 Anne Christiansen	
 Hanne Sørmo Holstad	 Hanne Therese Loftesnes	 Ann-Helen Sperrud	 Irene Krokeide Alne

BØNE SPALTA

BE FOR:

- Haustleirane
- Lederkonferansen på Straume
- Pit Stop
- Organisasjonsprosessen i ImF
- Alt arbeidet i IMS

TAKK FOR:

- Haustmøte
- Alle frivillige leiarar
- Konfirmantane
- Framnes og Bildøy
- Tilsette

Send gjerne bønneemne til kontoret, så ber vi når vi har andakt i lunsjpausen vår. SMS 415 17 817 eller på mail post@indremisjonen.no

*Vår Far i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skyldnarar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt og makta og æra i all æve.
AMEN.*

Sommarens Storsamling på Framnes, 17.-19. juni



Eige lovsongsteam bidrog flott heile helga. F.v. Vidar Sangolt, Nancy Karine Sangolt, Ragnhild Nesse, Hanne Hatlen og Ranveig Bjelland. Bak f.v. Frede Hatlen og Vegard Sangolt.

«Fast som fjell»

Det vart ei sterk opning av Storsamlinga fredag med «Fast som fjell». Lokale bidragsytarar – og spesielt ungdommar i miljøet rundt Norheim-sund og Øystese Ungdomskor – framførte Jesu vandring frå palmesøndag til påskemorgon. Vidar Sangolt leia oss gjennom kvelden, og hadde også fått med seg unge musikarar, som imponerte publikum.

Forkynninga

«I Guds hand» var hovudoverskrifta for helga. Asbjørn Kvalbein tala laurdag mellom anna ut frå Salme 73, om ei tru som hamnar i krise, og som kjem gjennom denne krisa. Salmisten Asaf tenkte at han som var så god og trufast ville få eit behagelig liv. Asaf kom i åndeleg mørke og kjempa med sine ting. Så fekk han koma inn i Guds lys og han begynte å sjå annleis på omstenda rundt seg.

Søndagen tok Kvalbein opp åndeleg leiarskap i Guds familie, med overskrifta «som ei mor blant dykk». Det var godt å lytta til Kvalbein sin vise tale omkring viktige tema.

Daniel Sæbjørnsen heldt sterk tale laurdag kveld, der me vart minna om «våg å tru igjen». Gud gjer noko nytt i dag. Me hørde mellom anna om Jonatan (1. Sam. 14, 1-6) sitt frimot og tru på at Herren vil hjelpe. Me vart utfordra på korleis me kan følgja Gud og tena min generasjon i dag.

Marit A. Røen heldt engasjert tale søndagen for heile storfamilien.

Barn og ungdom

Det var òg egne kveldssamlingar for ungdom, Barnas Sommarfest laurdag føremiddag, og søndagsskule søndag. Eigne IMS-tilsette stod for desse samlingane. Lokale medhjelparar hadde

laga opplegg for barn og ungdom laurdag medan det var utsendingsmøte. Diverre var det få barnefamilier som deltok på Sommarens Storsamling. Uansett, takk til egne tilsette og lokale medhjelparar som hadde laga så kjekke samlingar.

Utsendingsmøte

Utanom ordinære årsmøtesaker og orienteringar frå avdelingane, var det oppe ei formell sak om kausjon byggelån Helgatonlia, utskiljing av utsendingsmøte frå Sommarens Storsamling, ImF-prosess og samtale omkring arbeidet. Det var registrert 71 utsendingar. Liv Ingunn Heie Medhaug var møtedirigent og Tore Skeie varadirigent.

ImF-prosess: Johannes Olsen, leiar i IMS-gruppa som arbeider med ImF-prosessen, orienterte og innleia til samtale. Utsendingane vart delte inn i grupper der dei skulle samtala om dei tre modellane som vart presenterte, samt utfordringar og moglegheiter ein ser med å endra strukturen i ImF. Me vedkjenner at her skulle me nok hatt meir tid. Det vart engasjerte samtalar i gruppa, og også under plenumsamtale etterpå. Vegen vidare er at saka skal opp under dei to neste årsmøta. Det skal vera ekstraordinært GF i ImF hausten 2023, der saka skal opp. Samtidig arbeider kretsgruppene vidare, har konsekvensutgreiing for dei ulike modellane m.m. IMS-styret og gruppa som arbeider med prosessen tar med innspel frå årsmøtet inn i vidare arbeid.



Nyvald IMS-styre:

Framme f.v.: Marit H. Ådnanes (dagleg leiar IMS), Oddvar Torget, Kjetil Harestad, Ole Bernar Innvær (leiar), Marianne H. Aarbø (2. vara) og Vidar S. Eik. Bak f.v.: Guri Bjørnevik (kontorleiar IMS), Henriette Bjørnevik, Eldrid Molland (1. vara), Tordis Thuestad og Edmund Thormodsæter (3. vara). Ragnhild Nesse var ikkje tilstades på biletet.

Alle talane er gjort opptak av.
Du finn link på

www.indremisjonen.no

Her finn du også ordførar Torgeir Næss sin tale der han mellom anna løftar opp bygda og bedehusarbeidet.

Tre på Framnes

Kva tar du med deg frå Sommarens Storsamling?



Marit Lindekleiv, Husnes

Eg hadde forventning om å treffa mange kjente. Forventninga innfridde, men eg sakna mangfaldet i alder. Det er tankevek-kjande med tanke på få unge familiar!

- Fin konsert med Vidar Sangolt og ungdomar frå Norheimsund på fredag. Eg er imponert over ungdomane sin respektfulle måte å formidla påskebodskapen på.
- Sterk formidling av Daniel Sæbjørnsen laurdagskvelden. Det rørte ved mitt innerste!



Hanne Synnøve Tislavoll, Bømlo

- Gode og viktige samtalar om framtida til IMS.
- Kjekt barneopplegg for 6- åringen vår.
- Mykje god forkynning både på bibeltime og møter.
- Imponert over dei unge og flinke songarane og musikantane på fredagskvelden.

Eige utsendingsmøte og eiga Storsamling

Under utsendingsmøtet vart det vedteke at me går for ei prøveordning på to år der me skil utsendingsmøtet frå Sommarens Storsamling.

Neste utsendingsmøte vert laurdag 22. april, medan Storsamlinga vert 16.-18. juni på Brandøy.



John Helge Heie, Tysnes

Det eg tar med meg frå Sommarens Storsamling er fine møte med mykje god forkynning. Så kjenner eg på at det er veldig oppmuntrande å treffa igjen mange kjente. Me er jo som ein stor familie, der me har den kristne trua til felles.



Fin framføring og sterkt innhald i «Fast som fjell» fredag kveld.



Den gode samtalen

LEDER KONFERANSE

INKLUDERT GF FOR ImF

Straume Forum, Sotra

4.-6.11
2022

TEMA
Gode spor



NETTVERK

1. Barne- og ungdomsledere
2. Lovsang
3. Familie/Generasjoner
4. Naturlig Menighetsutvikling
5. Godhet
6. Trosforsvar
7. «Stå sterke i stormen»- Åpne Dører
8. «Naturlig Overnaturlig»
9. Samtale og veiledning
10. «Kanskje jeg tror, eller...»

HOVEDTALERE



Christian
Lilleheim



Anne Lene
Otterøen



Sofie
Braut



Vegard
Hetlebakke



Inga-Birgithe
Sætre Knutsen

Sommarstemne i Børsheim Bedehus

Tradisjonen tru vart det årlege sommasstemne i Børsheim Bedehus arrangert St. Hans-helga. Og sannelig vart det sommar med sol og temperaturar rundt 24 grader. På trass av godver og sommardagar med gode forhold for både grilling og uteliv, kom det mange folk til møta.

Møta starta fredagskvelden. Ektepara Anne Christin og Hans Arne Børsheim, samt Linda og Hans Erik Løkhammer song gode og oppbyggelege songar, og leia oss gjennom lovsongskor fredag og laurdag.

Eg tala begge kveldane om Guds kraft for oss. Frå Ef. 6, 10 «Ver sterke i Herren og i hans veldige kraft!», og Hebr 13, 8 «Jesus Kristus er i går og i dag den same, ja, til evig tid». Me som Guds folk er «gull verdt for Gud»



Ektepara Børsheim (t.v.) og Løkhammer

og vi er kalla til formidlarar og brukarar av Guds veldige kraft i vår kvardag og teneste. Me må hjelpa kvarandre å sjå på Jesus. Så seier han til oss, som han sa til læresveinane i ein håplaus situasjon, Joh. 11, 14-15 «Jesus sa då beint ut til dei: Lasarus er død! Og for dykkar skuld er eg glad at eg ikkje var der, så de skal tru. Men lat oss no gå til han!» Me skal reflektera Guds kraft til menneske me møter i vår kvardag. Gud kan gi vokster og liv i dag!



Gjert-Asle Tolås tala søndagen, og song med kona Kristi

Søndagen song Kristi og Gjert-Asle Tolås gode songar og leia lovsongen. Gjert Asle tala. Gud er ein Heilage Gud, Han er ikkje ute etter å «ta» oss menneske. Han har gitt oss ein kledning som me kan gå han i møte med. Gud vil tala til den enkelte, gi openberring og profetisk tale, om kva me treng som Guds folk.

Det var gode og inspirerande samlingar å gå sommaren i møte med. All ære og takk til Gud og Den Heilage Andes nærvær. Salme 121 møtte oss til opning søndagen «Kvar skal mi hjelp komme frå?» er spørsmålet. Så kunne me reisa heim kvar til vår plass med det herlege svaret i vers 2: «Mi hjelp kjem frå Herren, som skapte himmelen og jorda». Hjelpa vil koma, same kva me møter og i alle situasjonar.

Olav Eikemo



Ingvard Aksel Sandvoll til minne



25. juni, 88 år gammal, fekk Ingvard Aksel Sandvoll heimlov. Han vart gravlagd frå Holmedal kyrkje 5. juli.

Ingvard har hatt fleire bolkar i IMS-styret, første gong i 1969, varaformann 1970-1973 og 1985, Så formann i IMS i to år, 1973 – 1975, då han sa frå seg attval. Likevel er det klart for dei fleste at det ikkje er her livsverket hans ligg. Då må me til Helgatun ungdomsheim, som det heitte då, i Myrkdalen.

I mars 1973 flytta Haldis og Ingvard til Helgatun, og den første tida, medan Helgatun reiste seg, budde dei i campingvogn. Helgatun vart vigsla 12. august 1973. I heile 25 år skulle dei få mykje å seia for Helgatun då dei styrte heimen.

Ingvard var unik i det å løysa ut engasjement og midlar. Han kunne tenna nøden, gløden og ansvarskjensla. Han hadde eit hjertespråk som også gjekk til hjartet på mange. Han var ein visjonær person i stillinga han hadde. Han forma på mange måtar Helgatun heilt når det gjaldt det åndelege, men også korleis Helgatun framstod. Og han tok alltid kona Haldis med. Som misjonsleiar var han forut for si tid i forhold til kvalitet. Det seier litt at Helgatun nettopp var det første misjonshotellet som fekk misjonshotellprisen i 1987.

I IndremisjonsVenen nr 7/1998, då ekteparet vart takka av, skriv Arne Lindekleiv, dåverande formann i IMS, mellom anna følgjande: «Det er mange som takkar Gud for Haldis og Ingvard, takkar for kva dei har betydd for Helgatun, og kva dei har betydd for oss alle som i ulike samanhengar har gjesta heimen. For Haldis og Ingvard vart tenesta på Helgatun ei livsgjerning, eit kall og ei teneste som dei har utført heilhjarta og med truskap. Deira omsut syner seg og i høve til heimen og bygningane. Dei mange smakfulle detaljar, enten det er i utsmyking eller ved matbordet. Men framfor alt har vi merka ei brennande tru, ein nød for så mange og omsorg for den einskilde. Vi trur Haldis og Ingvard har vore ei gåve til Helgatun og Samskipnaden, og av Guds nåde har dei fått stå i ei rik teneste.»

Med rundt 10.000 gjestedøgn per år, er det mange som har møtt på Ingvard og velsigninga som fulgte med dette møtet. Me er heldige og rikt velsigna som har hatt denne engasjerte og dyktige personen blant oss. Så skal me også ta med at dei skapte ein heim for dei som arbeidde på Helgatun.

Med stor respekt og i djup takksemnd for alt Ingvard fekk bety for så mange, lyser me fred over Ingvard sitt gode minne.

Marit Hårklau Ådnanes



Barne- og ungdomssidene



Lise Marie Th. Litlabø - Eirik Stensland
Barne- og fam.arbeidar Ungdomsarbeidar

Leirar framover

Brandøy: Helgatun:

Haustrreff

10. klasse+
11.-13. november
Pris: kr 1050,-

Juleverkstadleir

4-9 år med fylgje
25.-27. november
Pris: kr 700,-/kr 1200,-

Miniadventshelg

2.-4. klasse
18.-20. november
Pris: kr 800,-

Førjulshelg

5.-7. klasse
2.-4. desember
Pris: kr 800,-

Ten-helg

8.-10. klasse
25.-27. november
Pris: kr 850,-

Ungdomshelg

8. klasse+
2.-4. desember
Pris: kr 850,-

Adventshelg

5.-7. klasse
2.-4. desember
Pris: kr 800,-



Indremisjonssamskipnaden
Med Guds ord til folket

Meir info finn du på nettsida vår under fana "Arrangement" og deretter "Leirar". Her kan du melde deg på leir og lese meir om kva ein leir inneheld.

www.indremisjonen.no
post@indremisjonen.no
tlf 53 41 07 04

www.indremisjonen.no

Sommarleir på Helgatun

To leirar på ei helg - det var oppskrifta for sommarleirane på Helgatun 27.-29. juni!

Leiren for dei minste var for 2.-4. klasse, og leiren for dei største for 5.-7. klasse. Mykje av programmet var felles, men kvar gruppe hadde egne bibelsamlingar og litt kvar for seg om kvelden.

Me fekk ein flott leir, med gode samlingar om Guds ord. Me grilla og leika ute fyrste kvelden, før knotten vart for plagsam, og me fann det best å koma oss i hus! Elles kosa me oss i lag med god mat, leikar og aktivitetar ute og inne, og før me visste ordet av det, var leiren slutt!

Kåre Johan Hamre



UNG-leiars Nådepuls!

Gud har sagt at me skal få leve her på jorda og få kommunisere med Han 24/7. Slik kan vi vandre i Hans Nådepuls.

Bruk dagens QR-kode, eller søk opp "Nådepuls" på Spotify.

QR-hjørne
Synnøve Wold-Flokketvedt





Synnøve Wold-Flokketvedt - Linda Aase
Ung-leiar Ung-arbeidar

Mitt bibelvers!

Denne vona er eit trygt og fast anker for sjela. Det når innanfor forhenget. Hebrearane 6,19

Sindre Matre 18 år



Familieleir på Brandøy

Etter eitt års korona-pause vart det familieleir igjen på Brandøy. Mange hadde nok sett fram til det, for påmeldingane strøymde på, og det vart både fullt hus og nokre på venteliste!

Familieleir er ein flott ting - her kan heile familien vera saman om å høyra Guds ord og ha det kjekt i lag! På føremiddagen var det familiesamling i møtesalen, og ungdommane hadde tre samlingar for seg. Der fekk dei m.a. høyra om det store biletet Bibelen teiknar opp for oss: At me er skapte i Guds bilete for å høyra han til, om syndefallet og Guds frelsesverk i Jesus, og at Jesus ein dag skal koma att.

Elles måtte "vann-skli" og hoppeslottet opp å gå i år og -pluss ei barnevennleg "zip-line". Gymsalen var flittig i bruk, og om kveldane var det volleyball for "glade amatørar"! I år som før fekk me god tid til å prata saman og kosa oss med god mat.

Me ber om og trur at det som vert sådd på familieleirane, verkeleg skal få bety noko for dei som kjem.

Kåre Johan Hamre

...merke sterke bånd
...er hop og fremtid selv om fjellet faller ned
Midt i uro og bekymring kommer du med fred



Med fokus på forbønn

Eg fekk ein liten prat med **Solrun Økland** omkring forbønn, då ho var innom IMS-kontoret på lunsjbesøk. Solrun er for øvrig nyttilsett i NKSS (Laget) i 30 % stilling, bur på Rubbestadneset, og er engasjert i arbeidet på Laurhammer bedehus.

Kva betyr ordet forbønn for deg?

Gå i lag til Gud med bønnene. Ein forbedar kan ein vera heime på sitt eige løynekammer, heilt åleine, eller på eit møte der fleire folk er samla. Eg har også personar på mi bønneliste som eg ber for jamleg.

Kva vil det seie å gå til forbønn for deg?

Å ha nokon å gå i lag med til Gud.

I kva samanhengar har du gått til forbønn?

Etter møter der dei gir tilbod om det, eller ved utfordringar i livet.

Må ein alltid vite kva ein skal seie til forbedaren, før ein går til forbønn?

Nei. Det er godt uansett, å bli bedt for og/eller velsigna.



Nytilsette IMS og lokalt



Frå 1. september er **Synnøve Wold-Flokketvedt** tilsett i 70 % som ny Ung-leiar i IMS. Synnøve bur i Etne, på gard, med mann og tre jenter i alderen 6, 10 og 13 år. Ho er 37 år, førskulelærarutdanna og har arbeidserfaring frå barnehage.

Som Ung-leiar vil Synnøve ha eit overordna ansvar med å administrera og leia Ung-arbeidet i IMS, med alt det inneber. Aldersgruppa ho mest vil arbeida inn mot blir barn, slik at Ung-avdelinga no utfyller kvarandre godt.

Synnøve brenn for at barn og unge skal få bli kjende med Jesus, at dei blir så grunnfesta i trua at Han får bli det viktigaste i livet deira. Ho ynskjer at barn og unge skal ha eit lag eller småfelleskap i bygda si der dei kan få overlevert kunnskap og levd liv frå ein omtenksam og stødig kristen vaksen.

For arbeidet i IMS gler Synnøve seg til å danna nye relasjonar, hjartevarme fellesskap og leir.

Linda Aase er tilsett som Ung-medarbeidar i IMS, 30 % stilling frå 1. september.

Linda bur på Reksteren, Tysnes, og driv si eiga verksemd «Aase til unnsetning». Linda kjenner arbeidet godt frå før då ho for fleire år sidan var ungdomssekretær i IMS.

Linda vil hovudsakleg arbeida inn mot aldersgruppa between og ungdom. Arbeidet inneber leir, lagsbesøk, Pit stop og leiartrening. Ho brenn for at barn og unge skal ha ein plass å koma til der dei høyrer om Jesus og får eit kristent fellesskap. Ho gler seg til å koma i gong med arbeidet blant barn og unge, bli kjend med nye, og bygga relasjonar. – Det å få sjå folk veksa i tru og teneste er noko eg synest er kjempekjekt, så eg håpar eg får sjå mykje av det, seier Linda.



Frå 1. august er **Sølvi Mongstad** tilsett i eitt års vikariat for Julie Haaberg i Norheimsund og Øystese Indremisjon. Sølvi er tilsett i ei 25 % stilling som ungdomsarbeidar, og vil hovudsakeleg følgja opp arbeidet i Origo ungdomsklubb. Det inneber mellom anna oppfølging av ungdommane i styret, vera med å planlegga LINK-helga, og weekend til Helgaton.

Å bli kjend med ungdommane, følgja dei og sjå at dei modnast og veksa, og forhåpentlegvis sjå at fleire vert kjende med Jesus og modnast i trua si, er noko Sølvi gler seg til.

Sølvi er 40 år, og ho og mannen Øystein har to gutar og to jenter i alderen 6 til 14 år. Ho vil fortsetja å jobba som lærar på Framnes i ei 50 % stilling.

Sigrd Hilleren, 34 år, er frå 1. september tilsett i ei 10 % stilling i Nainkyrkja ImF Voss, som barnarbeidar. Sigrd, og spesielt mannen Øystein Hilleren, er drivkreftene bak Voss bønnehus. Saman har ekteparet fem søner i alderen 1 til 9 år. Det siste året har dei vore engasjert i Nainkyrkja. Sigrd har bachelor i teologi og ledelse, pluss eit år bibelskule.

Sigrd vil arbeida inn mot barn i skulealder. Ho gler seg til å vera med å skapa eit miljø som kan vera attraktivt for barn å vera med i; eit miljø som formidlar tru og livet med Gud.

Sjølv om det no berre er ei lita stilling Sigrd tar til i, tenkjer ho langsiktig om tilsetjinga. Skal me bygga noko for framtida, krev det engasjement over fleire år. På sikt kan det difor bli aktuelt å auka stillinga.



Velkommen til alle fire. Me gler oss til samarbeid og gler oss over at de vil gå inn i denne viktige tenesta.

Mi trushistorie

På Hystad på Stord vaks Hilde Kristin opp som nest eldst i ein søskenflokk på fire. Mange kjenner 24-åringen best som Hystad til etternamn, men sommaren 2020 endra det seg, då ho gifta seg med Simen Teigland, og også fekk etternamnet Teigland. Simen kjem frå Hamar (Stange), og saman bur dei no på Stord.

Kall til å reisa tilbake til Stord

Etter ungdomsskule, gjekk Hilde Kristin tre år på Lundeneset kristne vidaregåande skule. Så vart det eitt år på Helgeland folkehøgskule, etterfulgt av eit halvt år som stipendiat på same folkehøgskulen. Under stipendiattida kjente Hilde Kristin at Gud hadde lagt ting ned i henne som ho ikkje fekk brukt. Eg ville bety ein større forskjell, seier ho. Eg likar dei gode samtalane, men i kvardagen opplevde eg at eg ikkje fekk tid til det. I haustferien var eg heime på Stord, og opplevde at eg fekk ein skikkeleg brann for ungdommane på Stord. Samtidig kjente eg at eg kanskje ikkje var der eg skulle vera. Desse to tinga vart til slutt så sterke for meg, at eg måtte reisa heim. Eg opplevde det som eit sterkt kall frå Gud. Første halvåret heime var eg veldig engasjert på bedehuset. Eg hadde ingen jobb, og opplevde leiing i det – at eg ikkje skulle binda meg. Men eg hadde sommarjobb, og fekk så spørsmål om å vera ungdomsarbeidar i ImF Stord frå hausten av. For meg kom spørsmålet ut av det blå, og blei ein ekstra bekræftelse på at det var Gud som kalla meg til ungdomsarbeidet. No har eg begynt på mitt fjerde år som ungdomsarbeidar, fortel Hilde Kristin. Alle åra har ho arbeidd 40 prosent som ungdomsarbeidar, og siste året har ho også hatt ei 60 prosent stilling på Stord tannregulering.

Tydeleg val som liten

Då eg var fire år hadde eg ein periode eg grein og bad fordi eg var redd eg skulle mista trua når eg blei større. Frå eg var liten av har Jesus vore ein veldig viktig og naturleg del av livet mitt. Eg har alltid opplevd han som ein nær venn. På skulen hadde eg ikkje mange kristne rundt meg, men eg var veldig opptatt av om dei kjente Jesus og eg ville gjerne dele. Dei første åra på barneskulen hugser eg at eg sa til fleire venner "du må bli kjent med Jesus". Det var eit bevisst val frå eg var veldig liten.

Lisa Børud viktig

Eg var kun tre år då Lisa Børud, som fem-åring, kom ut med sin

første CD. Eg har alltid vore glad i musikk, og har også høyrte masse på Seven-jentene i oppveksten. Eg har hatt kristne førebilete i dei, og det har nok fått prega livet mitt og min relasjon til Jesus.



Tung tid

I slutten av ungdomsskulealder hadde Hilde Kristin ei tung tid, der ho var veldig deprimert. Men også i denne perioden var Gud ein viktig del av livet hennar. Eg har aldri gått vekk frå han, seier Hilde Kristin. Eg opplevde Gud som veldig fjern, og opplevde ikkje eg fekk svar. Eg gav heile situasjonen til Gud, og bad at han måtte redde meg ut av det. I etterkant ser eg at eg blei boren igjennom. Eg fann trøyst i fleire av salmane som handlar om å ropa i naud til Gud.

Viktige personar

– og Brandøy som andre heim

I ungdomsskulealder var Hilde Kristin med i bibelgruppe. Me fekk verdifull opplæring i kva livet med Jesus handlar om, seier Hilde Kristin. Det vart delt ekte liv. Me fekk øva oss i å be for kvarandre. Dette har betydd mykje for meg. Ho som leia gruppa har vore ein trygg person eg kan gå tilbake til. Så har eg vore mykje på leir på Brandøy.

Eg opplever det som min andre heim. Eg har også fått med meg det meste av det som går an å gå på i Leirvik bedehus. Jakob, tidlegare ungdomssekretær i IMS, var eit stort førebilete. Det var stilig at han kunne vera så kul, og tydeleg samtidig. Når eg opp igjennom åra fekk spørsmål om kva eg ville bli, så tenkte eg at eg kanskje ville bli ungdomsarbeidar.

Dette gjer eg ikkje åleine

Då eg fekk beskjed om jobbtilbod, sa eg til Gud at dette gjer eg ikkje åleine. Det er viktig å stå trufast på det Gud leier meg på. Eg kan både lytta og gå feil, men eg stolar likevel på at Gud leier meg når eg legg alt i Hans hender, seier Hilde Kristin. Verset «Dersom Herren ikkje byggjer huset, arbeider bygningsmennene fåfengt» (Salme 127, 1) har betydd mykje inn i tenesta til Hilde Kristin. Å lytta inn hans vilje, kjem eg stadig tilbake til. Dette skjer gjennom å søkja i bibelen, og ofte får eg tankar eg må be over. Av og til skjønar eg raskt at dette er Guds tanke, andre gongar må eg ta fleire rundar i bøn. For å ta rette val opplever eg ofte at eg får fred, eller at eg får bekræfting gjennom bibelvers som underbygger tanken eg har fått, seier Hilde Kristin.

Støtte og oppmuntring

Ingvild, forsamlingsleiar ImF Stord, har ei mentor-rolle inn i livet mitt, og er tett på. Så har me eit veldig fint bønnefelleskap kvar torsdag på bedehuset. Her hentar eg styrke. Her møter eg folk som støttar meg, og kjem med oppmuntrande og rettleiande ord inn i livet mitt og inn i arbeidet.

For meg har det vore viktig at eg ikkje er ferdig med å bli kjent med Jesus. Det er alltid meir å henta. Så er det også viktig for meg å kunna presentera Jesus som den han er. Han kan helbreda, han leier, han er ein relasjonell Gud, også i dag. Eg har bedt mykje opp igjennom barne- og ungdomsår. På barneskulen bad eg om at eg aldri måtte bli for kul for Jesus; at han måtte ha sin plass i livet mitt, seier Hilde Kristin.



DUGNADSHELG PÅ BRANDØY 14.-15. oktober 2022

Har du lyst å vera med på noko kjekt?
Ta heile storfamilien med til Brandøy denne helga!

Dugnadsarbeid – sosialt måltid med god mat – leik for dei minste ein kaffikopp i ny og ne – gratis opphald

Alle er veldig velkommen! Her er det jobb til alle!
Små og store - unge og gamle - damer og menn
4-åringen og 90-åringen!

Påmelding til IMS: indremisjonen.no
tlf. 53 41 070 4



Trekningsliste Brandøybasaren

- | | |
|-----------------------------------|----------------------------|
| 1. Kafésett hage | Olaug S. Fagerheim |
| 2. Hotellputer | Daria Holowinska |
| 3. Lykter 2 stk | Edvard Thormodsæter |
| 4. Pledd og pute | Lydia og Johanne Heie Hoel |
| 5. Duplo | Ingvild Ølfarnes Gustavsen |
| 6. Lego | Anne og Øystein Naterstad |
| 7. Bosch drill | Toril Sand |
| 8. Traktor | Kristoffer Ivesdal |
| 9. Geiteskinn | Marius Frafjord |
| 10. Strikka genser | Martha og Jens Tveit |
| 11. Blomsterkasse | Anders Lunde |
| 12. Verktøysett barn | Marit og Arne Lindekleiv |
| 13. Hengekøye
og sitteunderlag | Fam. Gunhild Marie Osaland |
| 14. Løpar i hardangersaum | Martha og Jens Tveit |
| 15. Saueskinn | Solveig og Trond Alvseike |
| 16. Turutstyr | Eldrid Hjelmeland Molland |

Kvinnedagar på Brandøy

Det vart eit godt førsteinntrykk for meg å koma til Brandøy på kvinnedagane. Ein fekk merka at dette var ein leirplass med god atmosfære. Første kvelden fekk vi ei fin opningssamling etter å ha fått eit godt måltid. Møterommet var flott pynta av Anny H. Storvik som hadde lagt mykje arbeid i det. Etterpå var det kaffi og noko attåt, der vart det høve å verte kjente med dei andre i flokken.

Andre dagen var det fleksifrukost og bønnesamling. Motto for bibelsamlinga var «Sjå, eg gjer noko nytt». Dette fekk Aud V. Hoftun lagt inn over oss med si lune og gode forkynning ut frå Jesaja 43. Bibelen brukar bilde frå naturen, som gjer at vi skal vakna. Her vart det naturleg å nemne både straumkrise, prisar og vassmangel.

På ettermiddagen var det Fokustime v/Kari Bolette Lundal «Med blikka festa på Jesus». Kari Bolette er ei stor sol, og får det fortalt på ein så ekte og naturleg måte. Det var ikkje vanskeleg for ho å fortelja om dette blikket.

Etter flott og god festmiddag vart det mini-konsert med to flinke damer frå Bømlø som kallar seg Himmelpust. Dei hadde eit klart bodskap i songane sine og ei ekte og flott utstråling.

Den andre bibeltimen til Aud var tema «Kvil i Herrens nåde». Her vart vi minna om å kvila og leva ved kjelda som har det levande vatnet. Her var og bibeltimen henta frå Jesaja 43.

Alle reiste heim med ei stor takk for alt vi hadde fått både for lekam og sjel.

Margrete Haug





Lapskaus og kaker vart nytt ute i finveret under Brandøydagen

Brandøyhelga 2022

MED BASAR



Kari Marie Thormodsæter og Ragnhild Naterstad til høgre i biletet

Endelig har vi fått hatt ei Brandøyhelg utan koronarestriksjonar igjen! Det har vore flott å få møtast til Brandøyhelg også i år. På programmet stod det Brandøybasar for første gang på mange år, og det vart ein stor suksess!

Brandøystyret byrja helga fredag kveld med styremøte og klar-gjering. Det er alltid flott å få møta nye og gamle styremedlemmer igjen, og kjenna at vi har eit godt lag rundt oss!

Laurdag føremiddag vart det jobba i kulissane med matlaging, gevinstbord, festbord, ballongblåsing og mykje anna. Brandøystyret og IMS-styret brukar også denne dagen til eit felles møtepunkt. Det er nyttig å utveksla tankar og planar, og veldig fint for oss på Brandøy og i Brandøystyret å ha eit nært samarbeid med IMS-styret.


Utpå ettermiddagen var vi samla om lag 90 personar for basar. Det var kjekt å sjå at mange tok turen, sjølv om vi veit at akkurat denne helga var det mykje som skjedde i bygdene rundt omkring. Lise Marie Th. Litlabø hadde andakt på basaren. Tenk at den samme Gud som Dronninga av Saba betalte 4 tonn gull for å få læra meir om - han er akkurat den samme Gud som vi kan få kjenna! Og han kan vi få læra meir om på leir. Det er ein fin tanke!

På basar bør ein ha åresalg, ein god dose kaker, saft og kaffi, åretrekking og god drøs. Takka vere god innsats frå Brandøystyret og mange andre hjelpande hender, gjekk dette rett bra! Og det beste av alt: på åresalg og salg av lodd på bok, kom det inn over 90 000 kr! Det er vi svært takksame for! Stor takk til alle som har bidratt med gevinstar, og alle som har kjøpt lodd.

Sundagen var sjølv Brandøydagen, og byrja med frukost og bønnestund for dei overnattande. Vidare samlast vi til stormøte og speedleir. Eirik Stensland, ungdomsarbeidar i IMS, tok oss med inn i søndagens tekst om kvinna ved brunnen som blei møtt på ein spesiell måte av Jesus. Songarar og musikkarar frå Skjold, Vats og Vikebygd bidrog med flott song og musikk. Vi fekk høyra songen «You say» som handlar om å lytta til Guds stemme: han vil ha noko med meg - og deg - å gjera, uansett korleis vi har det og kjenner oss. Bodskapet frå talen og songen var ei flott påminning inn i eit nytt semester: vi får leva i tru på Gud som vil bera oss og visa oss vegen vidare!

Annbjørg og Andreas

Helsing frå



Det er tid for ei melding om stoda på Helgaton.

Sumaren har helst vore travel med stor aktivitet både i Helgatonlia og på Helgaton. Utvask og overtaking av nye husvære er i mål. To av dei nye husvera har Helgaton til disposisjon, noko som kjem vel med i samband med store grupper. Dei er og svært ettertrakta for booking-gjester. I juli og halve august har me hatt ope for booking, og det er mest utlendingar som overnattar hjå oss. I sumar har me hatt to bryllup og eit diamant-bryllup. Det er kjekt å få nytta dei nye borda og stolane til slike arrangement, noko som gjestene set stor pris på. Fornøgde gjester er alltid den beste betalinga.

I august har me hatt Sunnhordlandstreff og NMS seniorhelg. Desse arrangementa har me hatt i mange år, og det vert fleire og fleire deltakarar for kvart år. Dette er godt vaksne folk, som set stor pris på å få koma til Helgaton. Desse viser og at me treng fleire rom på eller i tilknytning til hovudhuset. Heis mellom etasjane er og eit sterkt ynskje frå dei som kjem, og for oss som jobbar på Helgaton.

Det vert stor aktivitet framover. Utanom 2-3 helger i oktober, er det arrangement kvar helg fram til over påske. I tillegg har me arbeidarane i Helgatonlia som bur og et hjå oss.

Me er og i gong med opprusting av leikeplassen, med reile og vippedyr, pluss ein stor ballbinge som skal stå klar til neste år.

I juni fekk me ein ny medarbeidar i staben. Dette har vore eit sterkt ynskje i lang tid, og me er svært takksame for at dette endeleg lukkast. Veronika er frå Tsjekkia og er 29 år; ei smilande og kjekk jente som gjer ein kjempejobb.

Til slutt vil me minna om at Helgaton har 50-års jubileum neste år. Dette vil me markera 12. august 2023. Tusen takk for alle gaver, og til alle som tenkjer på oss. Me helsar med 1. Kor. 15, 58 «Difor mine kjære brør (og systre), ver faste og urikkande, alltid rike i Herrens gjerning, då De veit at arbeidet Dykkar ikkje er fåfengt i Herren»

Helsing Jorunn og Aksel Ingvard på Helgaton



Klaus Muff held tale under Sunnhordlandstreffet i august

Vil du gi ei gåve til Helgaton?
vipps
Vipps-nummer: **515497**
Kontonr.: **8220.02.80497**

© Dagfinn Heimestol

Reiseruta september, oktober og november

SEPT/OKT - Veke 39

26.-28. september
Aud Karin Kjølvik Ringvoll, Tysnes
 27. september
Håkon Garvo, Fitjar
 28. september
Håkon Garvo, Øvrebygda
LiseMarie Th. Litlabø, Halsnøy Ving
 29. september
Lise Marie Th. Litlabø, Torsdagsøpe Sagvåg
Synnøve Wold-Flokketvedt, Torsdagsøpe Sagvåg
 29. september-02. oktober
Kåre Johan Hamre, Odda
 30. september
Eirik Stensland, TenTreff Fitjar
 30.09.-02. oktober
Håkon Garvo, Laurhammer weekend Brandøy
 01. oktober
Marit Hårklau Ådnanes, 125-års jubileum Framnes
Eirik Stensland, ConTeenNew
 02.10.
Marit Andresen Røen, Hiskjo
Håkon C. Hartvedt, Sagvåg
Marit Andresen Røen, Moster

OKT - Veke 40

03. oktober
Kåre Johan Hamre, Granvin
 04. oktober
Lise Marie Th. Litlabø, Auklandshamn Yngres
Synnøve Wold-Flokketvedt, Auklandshamn Yngres
 05. oktober
Solveig Norheim, Tysnes
Eirik Stensland, Ope Hus Sagvåg
 06. oktober
Lise Marie Th. Litlabø, Huglo
Kåre Johan Hamre, Bømlo
 07. oktober
Kåre Johan Hamre, Ebne
Lise Marie Th. Litlabø, Fredagsklubben Leirvik
Linda Aase, Tenkafeen Samnanger
 08. oktober
Kåre Johan Hamre, Molnes
 09. oktober
Lise Marie Th. Litlabø, Jensvoll
Kåre Johan Hamre, Samnanger og Søfteland
Olav Eikemo, Norheimsund

OKT - Veke 41

12. oktober
Ove-Kjell Sakseid, Neset
 13. oktober
Kåre Johan Hamre, Granvin
Ingebrigt S. Sørfonn, Øvrebygda
Marit Andresen Røen, Jondal
 13.-16. oktober
Eirik Stensland, Pit Stop Leirvik
Linda Aase, Pit Stop Leirvik
 14.-16. oktober
Lise Marie Th. Litlabø, Samnanger weekend Fjell-Ly
 15. oktober
Marit Andresen Røen, Skånevik
 16. oktober
Reidar Brevik, Øvrebygda
Marit Andresen Røen, Skånevik
Olav Eikemo, Moster
Ola Malvin Lomheim, Gilje

OKT - Veke 42

17. oktober
Kåre Johan Hamre, Granvin
Lise Marie Th. Litlabø, Leirvik Juniorving
 18. oktober
Lise Marie Th. Litlabø, Gilje Yngstes
Synnøve Wold-Flokketvedt, Gilje Yngstes
 19.-23. oktober
Roald Evensen/Audun Hjellvik, Uskedalen
Kåre Johan Hamre, Fitjar
 21. oktober
Linda Aase, Husnes IUF
 21.-22. oktober
Marit Hårklau Ådnanes, IMS-styremøte Framnes
 23. oktober
Marit Hårklau Ådnanes, Halsnøy og Kyrkjetoget Ølen
Erik Furnes, Norheimsund
Olav Eikemo, Håvik

OKT - Veke 43

24. oktober
Kåre Johan Hamre, Granvin
 25. oktober
Lise Marie Th. Litlabø, Hobbyklubb og Tito, Valen
Synnøve Wold-Flokketvedt, Hobbyklubben og Tito, Valen
Marit Hårklau Ådnanes, NaMu-samling Moster
 26. oktober
Klaus Muff, Sveio
Olav Eikemo, Bømlo
Toralf Steinsland, Øvrebygda

OKT - Veke 43 forts.

27. oktober
Lise Marie Th. Litlabø, Sagvåg B:Kids
 27.-29. oktober
Olav Eikemo, Osterneset
 27.-30. oktober
Kåre Johan Hamre, Laurhammer
 28. oktober
Lise Marie Th. Litlabø, Laurhammer Between
Linda Aase, Origo Norheimsund
 29. oktober
Eirik Stensland, ZoomIn Gilje
 30. oktober
Reidar Brevik, Finnås
Ola Malvin Lomheim, Os
Olav Eikemo, Øvrebygda
Toralf Steinsland, Gilje

NOV - Veke 44

31. oktober
Kåre Johan Hamre, Granvin
 01. november
Lise Marie Th. Litlabø, Minitreff Øystese
Marit Hårklau Ådnanes, Ressursgruppetreff II Sunnh.
 02. november
Svein Bjarne Aase, Jensvoll
 04.-06. november
IMS-tilsette, ImF-Lederkonferanse
 06. november
Reiar Brevik, Gilje

NOV - Veke 45

10. november
Kåre Johan Hamre, Granvin
Reidar Brevik, Huglo
Solveig Norheim, Jondal
 11.-13. november
Eirik Stensland, Hausttreff Brandøy
 12. november
Silje Fyllingen, Osterneset
 13. november
Ingebrigt S. Sørfonn, Laurhammer

NOV - Veke 46

14. november
Kåre Johan Hamre, Granvin
Lise Marie Th. Litlabø, Norheimsund Juniorving
 15. november
Lise Marie Th. Litlabø, MiniMax Bømlo
 17.-20. november
Kåre Johan Hamre, Tørvikbygd
 18. november
Lise Marie Th. Litlabø, Prosjekt Finnås
 18.-20. november
Eirik Stensland, ConTeenNew
Linda Aase, Miniadventshelg Brandøy
Synnøve Wold-Flokketvedt, Miniadventshelg Brandøy
 19. november
Marit Hårklau Ådnanes, Tysnes
Marit Andresen Røen, Laurhammer
Lise Marie Th. Litlabø, Håvik
 20. november
Håkon C. Hartvedt, Sagvåg
Svein Bjarne Aase, Uskedalen
Mari Hårklau Ådnanes, Norheimsund
Arne Lindekleiv, Søfteland

NOV - Veke 47

21. november
Kåre Johan Hamre, Granvin
 22. november
Marit Hårklau Ådnanes, Ressursgruppetreff I Sunnh.
 23.-25. november
Kåre Johan Hamre, Guddalsdalen
 24. november
Marit Hårklau Ådnanes, Ressursgruppetreff Hardanger
 25.-27. november
Eirik Stensland, Ten-helg Brandøy
Marit Andresen Røen, Juleverkstadleir Helgatun
 26. november
Svein Bjarne Aase, Fitjar
 27. november
Kåre Johan Hamre, ImF Voss
Toralf Steinsland, Gilje
 29. november
Marit Hårklau Ådnanes, IMS-styremøte
 30. november
Lise Marie Th. Litlabø, Småbarnstreff Uskedalen

For Ung-avdelinga er reiseruta framleis under utarbeiding

B



NORGE P.P. PORTO BETALT

PÅ TAVLA

ims Indremisjonssamskipnaden
facebook.com/pitStopLeirvik
ALT TIL GUD
13-16. OKTOBER
LEIRVIK BEDEHUS
Sak opp Pit Stop Leirvik på facebook for mer info

LEDER
KONFERANSE
INKLUDERT GF FOR ImF
Straume Forum, Sotra
4.-6.11
2022
Sjå side 6

KRAFT-
konferanse
Leirvik Bedehus
Laurdag 28. januar 2023

Helgatonhelg
5.-6. november 2022
- Ingebrigt S. Sørfonn blir med -
Laurdag: Møte og basar frå kl. 12.00 og middag kl. 19.00
Søndag: Møte kl. 11.00
Mat - Overnatting - Sal av heimebakst og handarbeid - Årsal og hovudtrekning
Ta kontakt om du treng skyss til Helgaton, så skal vi prøva hjelpa til med det

NORDISK KVINNEKONFERANSE
OPPPEISET
20.-23. OKTOBER 2022
OSLOFJORD CONVENTION CENTER
Sjå side 3

Hausttreff
11.-13. november på Brandøy
For deg frå 10. klasse og oppover
Sjå indremisjonen.no for påmelding og meir informasjon
ims Indremisjonssamskipnaden

